



ÅRDAL  
HUNDEKLUBB

ÅRSMELDING 2019



<http://www.ardalhundeklubb.no>

## I 2019 har styret i hundeklubben vore samansett slik;

### Styret

Verv	Namn	Periode
Leiar	Laila Røneid	2018/2019
Nestleiar	Elise Frøtheim Neverdal	2019/2020
Sekretær	Anne Grethe Solheimslid	2019/2020
Kasserar	Bodil H. Selland Nordnes	2018/2019
Styremedlem	Ingrid Nordbye-Antonsen	2019/2020
Styremedlem	Hilde Johanne Myklebust	2018/2019
Varamedlem	Kjetil Haug	2018/2019
Revisor	Aud Andersen	2018/2019
Vararevisor	Rune Hunderi	2019/2020

### Valkomite

Leiar	Rune Hunderi	2019/2020
Nestleiar	Bjørn Arve Aanes	2019/2020
Medlem	Nina Merete Sandvik	2019/2020
Vara	Hilde Johanne Myklebust	2019

Medlemstalet var pr 31.12.2019 på 78 medlemmer som er ein nedgang på 8 medlemmer frå 2018. Me registrerer at fleire deltek på aktivitetane utan å melde seg inn eller betale medlemskontingenten som er utsendt. Det må derfor i 2020 vere meir informasjon og fokus på sånn at me sikrar at medlemmane har fordel av aktivitetane me arrangerer.

Det har vore halde 4 styremøter.

Nokon av sakene som har vore handsama er:

- \* kurs
- \* agilitystevne
- \* innføring av bonuspoeng for dugnadsarbeid
- \* sal av hundehengar
- \* kjøp av utstyr til aktivitetar
- \* nøkkelutlån
- \* tilgang til treningsområde – reglar for bruk av område og utstyr

## **Økonomi**

Agilitystevna me har arrangert i 2018 og 2019 har gitt oss gode overskot. Det har i tillegg vore god økonomistyring i klubben. Brukskonto har saldo på kr. 194.899,- og stevnekonto har saldo på kr. 168654,- pr. 31.12.2019.

## **Aktivitet:**

Me prøver å gje medlemmane gode aktivitetar i form av kurs og treningar. Det har i 2019 vore arrangert:

- ✓ Atferdskurs
- ✓ Kvelpekurs
- ✓ Agilitykurs – både grunnkurs og vidarekomne

## **Treningsområdet**

Det har vore tre gode økter med dugnad på området. Dugnadane er viktige for å sikre at me held område i god stand for vår eigen del og presentabelt for nabolaget.

Me har investert i robotgrasklyppar og dette har gitt oss fri frå dugnaden med å klippe sjølve hovuddelen av området. Likevel må det klyppast inne på opphaldsområdet og oppe ved inngangen.

Stor takk til Jan Helge Nordnes som har passa på roboten og elles gjort ekstra innsats for det er nyklipt der.

Arbeid med å få ny lyssetting med ledarmaturar starta opp i 2019. Me har no fått avtale på graving og nye armaturar så dette arbeidet vil bli ferdigstilt i 2020.

Me arbeider og vidare med å få skifte ut brakkene, det vert sett opp container til å lagre feltutstyr.

## **Treningar:**

Klubben har kun to godkjente instruktørar med NKK trinn 1 utdanning. Det er derfor logistikk å få avvikle treningar og gje det tilbodet som mange forventar. Heldigvis har vi fleire flinke aktive som hjelper til sånn at vi får det til å gå opp. Grunna sjukdom har det likevel vore litt redusert aktivitet i 2019.

Mandagar har det vore faste treningar for kvardagslydigheit, konkurranselydigheit, rallylydigheit. Desse vart flytta til torsdagar frå hausten av.

Tysdagar har det vore faste treningar for nybegynnar og vidarekomne i agility. Søndagar har vore treningsdag for dei som trener til konkurranse.

Det er varierende deltakartal på treningane, men hausten har hatt

noko auka aktivitet og deltaking på alle treningane. Agility har hatt ein del nye innom og må fleire kveldar dele treninga i 2 grupper.

### **Litt om agilitystevne**

28. – 30. juni 2019 arrangerte klubben sitt tredje agilitystemne. Stemnet gjekk over 3 dagar. Fredag var det uoffisielle løp som var kvalifisering til finale laurdag og kåring av «Aordalsmeister 2019». Laurdag og søndag var det offisielle løp i Agility og Hopp.

Interessa for å komme tilbake til Årdal var enorm. Rykte om fantastisk flotte forhold og arrangement i 2017 og 2018 - hadde spreidd seg til store deler av landet. Me fekk rekordpåmelding med 1000 løp som skulle gjennomførast på 3 dagar. Panikken tok oss litt siste dagane før stemnet starta. Kom me til å klare dette..?!

Deltakarane rykka inn på stevnecampen allereie torsdagen. Med god logistikk vart det fine plassar til både telt, bubil og campingvogner.

Fredag ettermiddag var det full rulle og i løpet av nokon få kveldstimar fekk me igjennom 260 løp.

Laurdagen var det full aktivitet frå kl. 08.00 og dagen vart avslutta med premieutdeling og felles grilling.

Det vart i tillegg arrangert «barn og hund» med god deltaking frå lokale og tilreisande born. Veldig positivt og gode tilbakemeldingar på at borna kan få låne trygge hundar som dei kan starte med. Og det var fine premiar til alle som var med.

Årdal kommune stilte også i år opp med fri bruk av anlegget på «Cuba», Klingenberg hotell med snille prisar på overnatting og lokale verksemder var rause med sponning av premiar og pengegåver. Stor takk til alle!!!

Kiosken vart kåra til landets beste stevnekiosk og me hadde tre dagar med fantastisk god mat både for deltakarar og arrangørstab.

Stemnet vart avslutta søndag med 935!!! løp på 3 dagar. Dette er nok heilt på grensa på kva vi kan handtere og det må for stemnet i 2020 avklarast om vi skal sette deltakargrense eller gjere andre endringar.

Uansett så kan ikkje klubben arrangere stemne utan alle dei frivillige som stiller velvillig opp og hjelper oss. TUSEN TAKK til samtlege for ein fantastisk jobb!

Me er klar til ny stevnehelg 26. - 28. juni 2020 og håpar me klarar å skape like gode rammer denne gongen og.



Laila Røneid  
-leiar-

Anne-Grethe Solheimslid  
- sekretær-

Hilde Johanne Myklebust  
- styremedlem-

Elise Fretheim Neverdal  
- nestleiar-

Bodil H. Selland Nordnes  
- kasserar-

Ingrid Nordbye-Antonsen  
- styremedlem-